



OFFENTLEG MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Fylkeshuset - møterom Sygna
Møtedato	18.06.2014
Kl.	16.55 – 18.00

Faste medlemmer til stades:

Åshild Kjelsnes, Ap
Nils P. Støyva, Ap
Anders Ryssdal, Sp
Noralv Distad, H
Frank Willy Djuvik, FrP
Marit Barsnes Krogsæter, V
Trude Brosvik, KrF

Forfall til møtet:

Jenny Følling, Sp
Karen Marie Hjelmeseter, Sp

Varamedlemer til stades:

Anita Nybø, Sp
Arnstein Menes, Sp

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Knut Henning Grepstad

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet vedtok at sak nr. 84/14 vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jfr. Offentleglova § 23, 1. ledd.

Møtebøker frå 27. mai, 4. juni og 10. juni 2014 vart godkjende utan merknader.

Fylkesordføraren orienterte i lukka møte, jfr. Kommunelova § 31, nr. 5 om Fjord1 AS og om Statoil sine planar om aktivitet i fylket.

Fylkesrådmannen orienterte i lukka møte, jfr. Kommunelova § 31, nr. 5 om prosessvarsel. Fylkesordføraren gjekk frå som ugild ved denne orienteringa.

Fylkesrådmannen orienterte i lukka møte, jfr. Kommunelova § 31, nr. 5 om kontraktstingingar.

Fylkesordføraren orienterte om deltaking i høyring i Finanskomiteen i Stortinget om Differensiert arbeidsgjevaravgift.

Fylkesrådmannen orienterte om regjeringa sitt vedtak om traseval for E39 i Nordfjord.

Fylkesutvalet oppmoda fylkesordføraren om å be Samferdsleministeren om eit møte om det vidare arbeidet med å realisere ferdiggjeringa av rv. 60 Olden – Innvik.

Fylkesutvalet vart orientert om kravet om 20 minuttars avgangar på Anda – Lote og

tilrådinga i KVV for E39 Skei – Ålesund om opprusting av noverande trase for E39 Skei - Sandane)

Fylkesutvalet oppmodar, med grunnlag i drøftinga i finansutvalet 18.06.14, gruppeleiarane om å vurdere talet på medlemmer i fylkesting frå neste valperiode og nivået på den fylkeskommunale stønaden til partia.»

SAK 79/14 Tariffrevisjon 2014 Uravstemming

VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune stemmer «JA» til riksmeklaren sitt framlegg ved tariffrevisjonen 01.05.2014.

SAK 80/14 Makesifte av areal på Moskog og Hafstad Avtale med Førde kommune

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune makebyter areal på Moskog og på Hafstad slik saksutgreiinga og forslag til avtale legg opp til, jf. vedlegg.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å godkjenne nemnde avtale.

SAK 81/14 Planprogram til Regional plan for folkehelse

VEDTAK:

Planprogram datert 30.05.2014 vert godkjent slik det ligg føre.

SAK 82/14 Høyringsuttale til tilleggssøknad om konsesjon for ny 132 kV ytre ring Nordfjord

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at dei omsøkte 132 kV anlegga i ytre ring Nordfjord er fornuftige tiltak, og har ikkje merknader til dei overordna vurderingane og konklusjonane som er gjort i søknaden. Hovudelementet i søknaden er ny 132 kV linje mellom Ålfoten sentralnettstasjon og noverande trafo i Deknepollen.
2. Fylkeskommunen ser at det i søknaden er fleire alternativ med vekslande fordeler og ulemper for ulike tema. Fylkeskommunen prioriterer slik:
 - Alternativ 4.0 framfor 4.1 ved passering av Bortnedalen.
 - Alternativ 4.2 framfor 4.0 ved passering av Rugsundet.
 - Alternativ 4.3 framfor 4.0 for kryssing av Nordfjorden med sjøkabel, og støttar med det Vågsøy kommune si tilråding.
 - Alternativ 2.0 framfor 2.1. A ved Svorasåta på Bremangerlandet.

SAK 83/14

Høyringsuttale til melding med forslag til utgreiingsprogram for ny 420 kV kraftlinje mellom Aurland og Sogndal og omlegging av ei kort strekning av noverande 300 kV linje Fardal - Hove.

VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknader til dei overordna måla som ligg til grunn for dei planlagde tiltaka. Fylkeskommunen ser på hovudtrekka i linjeprosjekta i meldinga som fornuftige og nødvendige tiltak. Forslaget til utgreiingsprogram ser ut til å vere tenleg for vidare arbeid med eit søknadsdokument. Planprogrammet bør ha med eit punkt som går direkte på avbøtande tiltak gjennom Nærøyfjorden verdsarvområde.

SAK 84/14

Eventuell bruk av opsjon i bussanbod

Ikkje offentleg OfI § 23, 1. ledd, økonomi-, løn- og personalforvaltning

VEDTAK:

1. Det vert ikkje lagt inn ein opsjon på framtidig bruk av el-busser i bussanbod Sunnfjord.

SAK 85/14

Skriv og meldingar fylkesutvalet 18. juni 2014 - oppdatert 13.06.14

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama:

- 1: Politiske posisjonar på internasjonale arenaer

VEDTAK:

Notatet vert handsama i møte i fylkesutvalet 18. august.

- 2: Bygge- og eigedomsforvaltninga - felles organisering for driftsteknisk personell

SAK 86/14

**Eit enklare tiltakssystem tilpassa brukarane sine behov:
Høyringsuttale**

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner dagens organisering av arbeidsmarknadstiltaka ikkje bør endrast før Stortinget har drøfta tiltakssystemet i eit heilskapsperspektiv gjennom behandlinga av ei eiga stortingsmelding på området hausten 2014.

Endringsframlegg:

Høgre, Framstegspartiet og Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune er positive til Arbeids- og sosialdepartementet sine framlegg til endringar i dei regionale arbeidsretta tiltaka.

Avrøysting:

Noralv Distad, Frank Willy Djuvik og Marit Barsnes Krogsæter røysta for framlegget frå Høgre, Framstegspartiet og Venstre. Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Arnstein Menes og Trude Brosvik røysta mot.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Arnstein Menes og Trude Brosvik røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen. Noralv Distad, Frank Willy Djuvik og Marit Barsnes Krogsæter røysta mot.

VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner dagens organisering av arbeidsmarknadstiltaka ikkje bør endrast før Stortinget har drøfta tiltakssystemet i eit heilskapsperspektiv gjennom behandlinga av ei eiga stortingsmelding på området hausten 2014.

SAK 87/14

**Søknad om fråvik frå vegnormalane på fv. 185 Njøsavegen i
Leikanger**

VEDTAK:

1. Fylkesutvalet godkjenner følgjande fråvik frå vegnormalane sitt krav til:
 - a. Maksimalt resulterande fall
 - b. Minste klotoidparameter (radius på overgangskurve)
 - c. Bruk av klotoider (overgangskurve)
 - d. Minste horisontalkurvatur i kryss
 - e. Maksimal overhøgde i kryss
 - f. Breiddeutviding i kurver
 - g. Vertikal linjeføring i kryss.
2. Under punktet om breiddeutviding (1.d) må vegen ikkje verte smalare enn han er i dag.

SAK 88/14 Høyangertunellen

VEDTAK:

Fylkesutvalet ber om å få seg førelagt ei eiga saka om føreståande utbetringstiltak i Høyangertunnelen med tanke på kostnadsreduksjonar. Saka må først innom Samferdsleutvalet.
